

## KOMMISJONSAVGJERD

2016/EØS/8/49

av 26. september 2011

**om referanseverdier som skal nyttast ved tildeling av utslippskvotar for klimagassar vederlagsfritt til luftfartøyoperatørar i medhald av artikkel 3e i europaparlaments- og rådsdirektiv 2003/87/EF**

(2011/638/EU)(\*)

EUROPAKOMMISJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til europaparlaments- og rådsdirektiv 2003/87/EF av 13. oktober 2003 om opprettelse av en ordning for handel med utslippskvoter for klimagasser i Fellesskapet og om endring av rådsdirektiv 96/61/EF<sup>(1)</sup>, særleg artikkel 3e nr. 3 bokstav e), og

ut frå desse synsmåttane:

- 1) Det er naudsynt å vedta referanseverdier som skal nyttast ved tildeling av kvotar vederlagsfritt til luftfartøyoperatørar i handelsperioden frå 1. januar til 31. desember 2012, slik det er nemnt i artikkel 3c nr. 1 i direktiv 2003/87/EF, og i handelsperioden frå 1. januar 2013 til 31. desember 2020, slik det er nemnt i artikkel 13 nr. 1 jamført med artikkel 3c nr. 2 i det nemnde direktivet.
- 2) Tildelingar i samsvar med desse referanseverdiene bør fastsetjast fram til 2020, bortsett frå i tilfelle der rettsakter som er vedtekne i medhald av artikkel 25a i direktiv 2003/87/EF, krev konsekvensendringar.
- 3) Som følge av at europaparlaments- og rådsdirektiv 2008/101/EF av 19. november 2008 om endring av direktiv 2003/87/EF slik at luftfartsvirksomhet omfattes av ordningen for handel med utslippskvoter for klimagasser i Fellesskapet<sup>(2)</sup> vart teke inn i avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet (EØS) ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 6/2011 av 1. april 2011 om endring av vedlegg XX (Miljø) til EØS-avtala<sup>(3)</sup>, skal desse referanseverdiene nyttast innanfor EØS.

4) Difor må referanseverdiene byggje på det talet på kvotar som er tildelt vederlagsfritt i heile EØS, slik det er fastsett i avgjerd i EØS-komiteen nr. 93/2011 av 20. juli 2011 om endring av vedlegg XX (Miljø) til EØS-avtala<sup>(4)</sup>.

5) Referanseverdiene bør reknast ut ved å dividere talet på tildelte kvotar for heile EØS høvesvis for handelsperioden frå 1. januar til 31. desember 2012 og for handelsperioden frå 1. januar 2013 til 31. desember 2020, med summen av tonnkilometerdata i søknader lagde fram for Kommisjonen i samsvar med artikkel 3e nr. 2 i direktiv 2003/87/EF —

TEKE DENNE AVGJERDA:

*Artikkel 1*

1. Utan at det rører ved artikkel 25a i direktiv 2003/87/EF, skal referanseverdiene som er nemnde i artikkel 3e nr. 3 bokstav e), og som skal nyttast ved tildeling av kvotar vederlagsfritt til luftfartøyoperatørar i medhald av artikkel 3e nr. 1 i det nemnde direktivet for tidsrommet frå 1. januar til 31. desember 2012, vere 0,000679695907431681 kvotar per tonnkilometer.

2. Utan at det rører ved artikkel 25a i direktiv 2003/87/EF, skal referanseverdiene som er nemnde i artikkel 3e nr. 3 bokstav e), og som skal nyttast ved tildeling av kvotar vederlagsfritt til luftfartøyoperatørar i medhald av artikkel 3e nr. 1 i det nemnde direktivet for tidsrommet frå 1. januar 2013 til 31. desember 2020, vere 0,00513749531377628 kvotar per tonnkilometer, som svarar til 0,000642186914222035 kvotar per tonnkilometer per år.

*Artikkel 2*

Utrekningar av eit tal på kvotar som skal tildelast i samsvar med dei referanseverdiene som er fastsette i artikkel 1, skal avrundast nedover til nærmaste kvote.

(\*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 252 av 28.9.2011, s. 20, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 122/2011 av 21. oktober 2011 om endring av EØS-avtalens vedlegg XX (Miljø), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 70 av 22.12.2011, s. 24.

<sup>(1)</sup> TEU L 275 av 25.10.2003, s. 32.

<sup>(2)</sup> TEU L 8 av 13.1.2009, s. 3.

<sup>(3)</sup> TEU L 93 av 7.4.2011, s. 35.

<sup>(4)</sup> Enno ikkje offentleggjort i TEU.

*Artikkel 3*

Denne avgjerda tek til å gjelde tredje dagen etter at ho er kunngjord i *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utferda i Brussel, 26. september 2011.

*For Kommissjonen*

José Manuel BARROSO

*President*

---